

CARTE BLANCHE

Høyringssvar, Premiss: Kultur, regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025

Vi viser til høyringsbrev frå Hordaland fylkeskommune, datert 20.06.2014 om Premiss: Kultur, regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025.

Vi vil takke for høve til å kome med synspunkt på planen.

Styret i Carte Blanche har handsama høyringsforslag for regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 i sak 39.14.

Om Carte Blanche

I følgje Carte Blanche sine vedtekter er selskapet sitt føremål formulert slik:

Carte Blanche A / S er et aksjeselskap med formål å utvikle og formidle samtidsdans og annen beslektet virksomhet. Som nasjonalt kompani for samtidsdans skal selskapet produsere og presentere forestillinger av høyeste kvalitet laget av norske og internasjonale, anerkjente og nye koreografer innen samtidsdans.

Selskapet har et nasjonalt og regionalt ansvar for å formidle samtidsdans til et mangfoldig publikum og å bidra til å utvikle kunnskapen om norsk samtidsdans internasjonalt gjennom å arbeide for internasjonal anerkjennelse og tilstedeværelse.

Carte Blanche er eigm av den norske stat (70%), Hordaland fylkeskommune (15%) og Bergen kommune (15%).

Carte Blanche vil gjerne kome med kommentar og innspel til fylgjande innsatsområde i kapittel 5:

2. Arenautvikling – infrastruktur

Carte Blanche er sidan 2003 lokalisert med prøvelokale, kostymeverkstad, nærlager og kontor i Studio Bergen. Etter at Teatergarasjen vart riven hausten 2008 har det største prøvestudioet også vore heimescene for Carte Blanche i Bergen. Planen er at Teatergarasjen igjen skal bli Carte Blanche sin heimescene når den er bygd opp att.

Carte Blanche sin leigekontrakt for lokala gjeld ut året 2018. Huseigar ynskje ikkje å forlengje kontrakten utover dette tidspunktet. Det inneber at Carte Blanche må flytte til andre produksjonslokale og ha tilgang til ny heimescene innan utgangen av 2018.

Styret i Carte Blanche gjorde i desember 2013, sak 56.13, mellom anna fylgjande vedtak:

Styret vil per januar 2016 vurdere status for framtidige produksjonslokaler og scene for Carte Blanche i Bergen. Dersom realistiske løsninger på dette tidspunktet ikke er på plass, vil styret vurdere relokalisering av selskapet.

Våren 2014 har Carte Blanche sine eigalarar blitt samde om å øyremerke lokale i Sentralbadet for nye produksjonslokale for Carte Blanche, gjennom å leggje inn ein klausul om dette i samband med Bergen kommune sitt føreståande sal av Sentralbadet. Ein ser føre seg ein leigekontrakt på 30 år for Carte Blanche sine lokale i bygget.

CARTE BLANCHE

Det er avgjerande at desse lokala vert best mogleg tilrettelagd for Carte Blanche sine behov i eit 30-årig perspektiv, både i forhold til storleik og utrustning. Samstundes er det avgjerande at Teatergarasjen vert gjennoppbygd innan flytting frå Studio Bergen slik at både Carte Blanche og BIT Teatergarasjen får tilfredstillande scenefacilitetar i Bergen.

I høyringsutkastet står det at det er trong for ein offensiv politikk når det gjeld regionale og nasjonale kulturhus, og ein nemner mellom anna behova til Carte Blanche og BIT Teatergarasjen i tillegg til m.a. Den Nationale Scene, Bergen Nasjonale Opera og Hordaland Teater. Samstundes er ikkje bygg for det profesjonelle kunstfeltet lista som eige tiltak i handlingsplanen. Carte Blanche vil be Hordaland fylke om å vurdere om bygg for det profesjonelle kunstfeltet skal nemnast særskilt som eige tiltak i handlingsplanen sitt innsatsområde Arenautvikling – infrastruktur. Samstundes er det viktig at ein også tek omsyn til dansen sine behov ved bygging og opprusting av kulturhus. Ofte skal det enkle grep til for at ein scene også kan nyttast til danseframstykkingar.

4. Digital allmenning

Festspillene i Bergen har i lengre tid hatt eit samarbeid med Bergen Byarkiv for å gjere deler av Fib sitt arkivmateriale tilgjengeleg. Carte Blanche har i samband med selskapet sitt 25-års jubileum og sett i gang eit samarbeid med Bergen Byarkiv for å systematisere og etter kvart digitalisere delar av Carte Blanche sitt arkiv.

Eit slik arbeid er svært omfattande og ressurskrevjande. Ivaretaking og formidling av offentlege kunstinstitusjonars arkivmateriale er etter vårt syn eit samfunnsoppdrag.

Vi ser difor positivt på Hordaland fylke sine planar om å utvikle digitale arenaer og løysningar for kulturformidling, der ein også er merksam på, og vil utvikle kompetanse om rettar og publisering på nett.

5. Inkludering

Carte Blanche har dansarar og andre tilsette med ulik kulturell og nasjonal bakgrunn. Mangfaldet er ein styrke og ein del av kompaniet sin kunstnariske profil.

Dans er eit universelt uttrykk som ikkje krev spesielle forkunnskapar eller eit felles verbalt språk. Særleg gjennom våre skuleframstykkingar når vi eit publikum med ulik etnisk og kulturell bakgrunn. For enkelte barn har Carte Blanche vore det første møtet med ei scenisk framstykking i den vestlege tydinga av omgrepene, nettopp fordi våre framstykkingar ikkje krev god språkleg kunnuskap. Av same grunn har vi også vaksne innvandrarar blant vårt publikum.

I fylket sitt arbeid med inkludering er det viktig å ikkje gløyme det profesjonelle kunstlivet, både med omsyn til å leggje til rette for at kunstnarar med innvandrarbakgrunn har same høve til å utøve sitt kunstnararbeid, men også gjennom informasjonsarbeidet overfor publikum i ulike innvandrarmiljø.

8. Kulturbasert næringsutvikling/Kulturnæringer

Dei offentlege, profesjonelle kunstinstitusjonane er truleg den viktigaste arbeidsplassen for frilans kunstnarar, og er eit viktig ledd i kulturnæringerane sine verdikjeder.

Elleve av desse institusjonane har gått saman om samarbeidsorganisasjonen Kultur Vest. Kultur Vest vil kunne vere ein viktig medspelar i fylket sitt arbeid med å utvikle

CARTE BLANCHE

kulturnæringer i regionen, og bør nemnast saman med nettverksorganisasjonar som BRAK, VISP og Proscen som partnar i dette arbeidet. Det same gjeld innsatsområdet **11, Kulturregion Vestlandet**, der dei profesjonelle institusjonane gjennom Kultur Vest samarbeidet bør vere ein av bærebjelkane.

12. Internasjonalisering

Carte Blanche er blant Norges mest internasjonale kunstinstitusjonar, og kanskje den einaste offentleg eigde scenekunstinstitusjonen som har internasjonal verksemd som ein del av sitt oppdrag, gjennom at deler av det faste driftstilskotet er gitt for å gjennomføre gjestespel og turnear internasjonalt.

Både selskapet sitt føremål og gjeldande strategidokument speglar dette. I Carte Blanche sin gjeldande strategi er dette fastsett gjennom at 1/3 av framsyninga skal visast internasjonalt.

Carte Blanche er ikkje åleine om å vere ein tydeleg aktør på den internasjonale kunstscena, og samstundes vere forankra i Vestlandsregionen. Av andre scenekunstinstitusjonar med eit internasjonalt arbeidsfelt står BIT Teatergarasjen i ei særstilling.

Lokale og regionale aktørar med eit internasjonal arbeidsfelt er ei viktig motvekt mot sentraliseringa av kunstpolitikken, og byggjer opp under Vestlandsregionen som eit tyngdepunkt i utviklinga av den nasjonale kunstpolitikken.

Sterke institusjonar med eit internasjonalt nedslagsfelt brøyer òg veg for mindre kunstnargrupper og enkeltkunstarar, og bidreg til nettverk, kunnskap og kompetanse som også kjem andre til gode.

Det kan vera tenleg for føremålet å utvikle samarbeidsregionar i Europa. Men det er like viktig at arbeidet med slike samarbeid ikkje er til hinder for å byggje opp under det internasjonale samarbeidet andre stader.

Dei ulike aktørane i kunst- og kulturfeltet må stå fritt til å utvikle samarbeid der den enkelte aktør finn dei mest interessant samarbeidspartane, uavhengig av dei regionane fylket set i sentrum for eige arbeid.

14. Kompetanse

Samarbeid mellom institusjonar og aktørar er ei av dei viktigaste kjeldene til utvikling av kompetanse innan kunst- og kulturfeltet. Det er positivt at fylket ynskjer å stimulere og satse på arbeidet i ulike nettverksorganisasjonar.

Også her bør samarbeidet i Kultur Vest nemnast, både fordi dette samarbeidet styrker utveksling av kunnskap mellom dei ulike kunstinstitusjonane, men også fordi dei profesjonelle kunstinstitusjonane er ein viktig "kompetansebank" for kunst- og kulturlivet elles.

26. Vegen inn i kunst- og kulturlivet

Carte Blanche har gode erfaringar med å tilby skuleframsyningar. Særlig ungdomstrinnet og vidaregåande skule har vore vektlagd i Carte Blanche sitt arbeid.

Men det er diverre slik at vi ofte får færre påmelde enn forventa og difor må redusera talet på skuleførestellingar. Det er vårt inntrykk at slike tilbod vert nedprioritert i ein hektisk skulekvardag, med mange målkrav. Samstundes veit vi at elevar med kunstnarisk erfaringar og kompetanse ofte lærer meir og betre også i andre fag. Det er ei utfordring at dei estetiske faga vert nedprioritert i den norske skulen. God kunst rører, styrker kreativiteten og er med og utvikle den kritiske sansen. Dette er kompetanse ein også dreg nytte av i "vanlege" skulefag.

CARTE BLANCHE

Det er difor viktig å leggje til rette for at kunstoppleving i skulen er del av eit heilskapleg læringsmiljø.

Bergen kommune har gjennom m.a. Kulturskulen målretta arbeidd med talentutvikling særleg innan dans og musikk. Carte Blanche bidreg til dette arbeidet gjennom å tilby workshops med våre gjestelærarar.

Det burde i større grad vera lagt til rette for talentutvikling også andre stader i fylket, slik at unge talent har høve til å utvikle seg gjennom heile oppveksten fram til dei kan starte ei hogare fagutdanning.

Det er forståeleg at mindre kommunar ikkje har høve til å satse på same måten som Bergen, men fylket vil kunna spele ei rolle gjennom å leggje til rette for overordna regionale program for talentutvikling innan kunstfaga. Barn og unge er våre framtidige utøvande og skapande kunstnarar

27. Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet

Størstedelen av dei profesjonelle kunstnarane bur i Bergen. Dei ulike institusjonane og nettverksorganisasjonane er også lokalisert til Bergen. Samstundes viser høyringsutkastet at Bergen får ein mindre del av fylket sitt kulturbudsjett enn fylket elles.

Bergen er, og skal vera lokomotivet i kunstlivet i regionen. Kunstnarane, institusjonane og organisasjonane i Bergen har ringverknad for heile det profesjonelle kunstfeltet i fylket. Det er difor avgjerande at fylket i sin framtidige kunstpolitikk også styrker sin satsing på desse aktørane, både i forhold til prosjekt- og driftsmiddel og infrastruktur.

Tilskot til drift, eventuell endring av tilskotsperiodar.

Høyringsutkastet ber om tilbakemelding på ei eventuell endring av tilskotsperiodane til drift til 3- årige periodar med påfølgjande evaluering. For Carte Blanche er det viktigast at det er ei samordning av driftssøknadene til våre tre eigalarar; stat, fylke og kommune, slik at ein slepp tredobbelte arbeid med søknader og rapportering.

Vi vil oppmoda til ein betre dialog mellom desse tre forvaltningsnivåa, der ein eventuelt også drøfter ein felles søknads- og rapporteringsportal for dei institusjonane som får sine faste tilskot frå desse partane.

Bergen, 24. september 2014

For styret i Carte Blanche

Tone Tjemsland

direktør

NORGES NASJONALE KOMPANI
FOR SAMTIDSANS

CARTE BLANCHE

Carte Blanche AS
NORGES NASJONALE KOMPANI FOR SAMTIDSANS
THE NORWEGIAN NATIONAL COMPANY OF CONTEMPORARY DANCE
A Nøstegaten 119, 5011 Bergen, Norway **ORG.NO** 957 214 479
T +47 55 30 86 80 **F** +47 55 30 86 81 **E** info@ncb.no
W www.carteblanche.no

